

30 bubilar og gjester i alle hyttene.

19.05.2018



Bubilgjester på Rabben Feriesenter frå Sagvåg på Stord. F.v: Målfrid og Kåre Nymark, Hilde Arntsen og Alf Restad.

Det er stor pinseutfart og for mange går reisa til Uskedalen og Rabben Feriesenter. Magne Heggøy er kjempe nøgd med pinsehelga så langt. I natt var det 28 bubilar på plass. Nokre valde å ta turen til Hardanger og fruktbløminga i dag. Andre har kome til. Alle hyttene er i bruk, noko som vil sei at 50 sengeplassar er bortleigd.

Magne Heggøy merkar ein klar tendens: Gjester, som nokre år har vald alternative ferieplassar, er tilbake i Uskedalen. Bygda, campingen og båthamna har eit godt omdømme og vi har alt å vinna på godt samarbeid og gode servicetilbod.

Med eit snitt på to personar i kvar bubil og 30 bubilar, vert det eit godt gjestetel. Alle faste gjester er på plass i sine hytter og bubilar. Svaret på suksessen så langt er som sagt eit godt samarbeid med Uskedal Båtlag om toalett og renovasjon, god nærbutikk og ei vakker bygd med vakker natur og irrgroene bakkar og liar. Gjestene kjem stort sett frå Haugesund, Stavanger i sør til Bergen i nord.

Uskedalen.no har snakka med familien Nymark og Arntsen/Restad frå Sagvåg på Stord. Målfrid og Kåre Nymark kjem rett frå Sverige til Uskedalen med bubil. Dei har vore her før og kjenner vertskapet og andre bygdefolk.

Kvifor Uskedalen, spør vi. Svaret er enkelt: God plass, ikkje for mykje bil, roleg og gilde folk. Ein god nærbutikk har mykje å sei. Sist dei var i Uskedalen, var i påskehelga. Båthamna tett ved er viktig. Her har dei ei venninne som er med båt.

Rosendal er fin, men det vert ofte for mykje og for tett med bil. I Uskedalen finna vi det vi er ute etter.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



30 bubilar, tre telt og fullt i alle hytter.